  - Konsekvensar for riks- og fylkesvegnettet blir tema i KU.
  - Krav om trafikksikker tilkomst til nye byggjeområde.
- Sørger for kulturminnefagleg synfaring av nye byggjeområde.
- Følgjande planar er også regionale føringar:
  - Regional plan for attraktive byer og tettsteder
  - Regional plan for kompetanse
  - regional plan for samferdsel
  - regional plan for verdiskapning,
  - regional plan for Gudbrandsdalslågen og
  - regional plan for klima og energi.

- Det er en større andel eldre som bor lengre på hyttene
- Legg noen arealpolitiske føringer til grunn –bestem på forhånd hvilken «sil» man skal bruke for å håndtere innspill som kommer. Her viser rådmannen til at det er teke ein slik gjennomgang med kommunestyret i møte 14.05.18, sak 36/18.

### **Villreinnemnda for Snøhetta og Knutshø, 26.02.19**

«Vi viser til høring av revidert planprogram til kommuneplanens arealdel for Lesja kommune. Villreinnemnda har følgende uttalelse til høringen:

" Vedtak

Villreinnemnda vil påpeke at fjellområdene i Lesja kommune er viktige for villreinen i Norge. For å følge opp Norges ansvar for ivaretagelse av villrein, mener nemnda at det er viktig at planprogrammet er tydelig på at alle tiltak som kan påvirke en langsiktig bærekraftig forvaltning av villreinen og dens leveområder skal konsekvensutredes. Nemnda vil påpeke at forslaget om videre utbygging av fritidsboliger ved Hådi ikke er i samsvar med regional plan for Dovrefjellområdet.

Planprogrammet til Lesja kommune bør være tydelig på at regional plan for Dovrefjellområdet med avgrensning av nasjonale villreinområder og buffersoner planlegges implementert i kommuneplanen, i tråd med Regjeringens og Kommunal- og moderniseringsministerens uttalelser. Dette vil bidra til en felles forståelse om forvaltningen av arealene."

Samlet saksfremstilling kan sees under.

Til behandling vedtakssak 3-2019

Organ: Villreinnemnda for Snøhetta og Knutshø

Vedtakssak 3-2019 Uttalelse til revidert planprogram til kommuneplanens arealdel for Lesja kommune.

Tid: 19 februar – 25 februar 2019

Møteform: E-postmøte

Følgende faste medlemmer deltok: Marit Rolstad (Lesja), Johan Ragnar Eggen (Alvdal), Odd Leif Angård (Dovre), Øyvind Bakken-Berg (Folldal), Siv Remetun Lånke (Rennebu), Olav Søderberg (Sunndal), Jon Tore Dalsegg (Tynset), Karianne Rindli (Nesset)

Følgende faste medlemmer deltok ikke: Kari Toftaker (Oppdal), Janne Søvik (Rauma)

Følgende varamedlemmer deltok:

Protokollen er godkjent av Marit Rolstad

Saksbehandler Fylkesmannen i Trøndelag, Bjørn Rangbru

### **Saksopplysning**

Lesja kommune har revidert planprogram for kommuneplan for Lesja, arealdelen, til offentlig ettersyn. Villreinnemnda har mottatt denne som høring fra kommunen.

For kommuneplaner som kan ha vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal blant annet gjøre rede for formålet med planarbeidet, hvilke alternativer som vil bli vurdert, og behovet for utredninger. Ny arealdel til kommuneplan planlegges å være godkjent i 2020.

Villreinrelevante tema i planprogrammet:

Hyttebygging på Dalsida er spilt inn som tema under «Frokostmøte næringslivet

21.09.2017»: «Dalsida bør vera eit bra område for hyttebygging». Lesja kommune har i høringsutkastet på planprogram kommentert dette; «Hyttebygging på Dalsida, ikkje aktuelt p.g.a. områdevern og restriksjonar i regional plan», jfr. punkt E i tabell 19 i planprogrammet.

*Dette er innenfor villreinens biologiske leveområde, og buffersone 1 i regional plan for Dovrefjellområdet.*

*Det er innspill om økt antall fritidsboliger ved Hådlilie; Hådlilie II- fortetting med 30 tomter innenfor godkjent reguleringsplan. Tema: villrein, miljø, friluftsliv, landskap. jfr. punkt I og Æ i tabell 19 i planprogrammet. Dette er delvis innenfor villreinens biologiske leveområde. Dette er også i buffersone 1 i regional plan for Dovrefjellområdet, hvor det i retningslinjene står at det ikke skal etableres ny fritidsbebyggelse/fritidseiendommer utover det som allerede er godkjent gjennom reguleringsplan eller kommuneplan.*

*Lesja kommune skriver i planprogrammet; «Lesja kommune satsar strategisk på hyttebygging, og det ligg derfor til rette for gå vidare med dei fleste av innspela til ny arealbruk. Det vil kunne gje rom for 200 – 300 nye hyttetomter».*

*Det er også innspill om «endring av pilgrimsleden/gjenbruk av gamle Nidarosveigen opp fra Gamle Hådi, via Myrin, Reindøl, Korpestuggu, Grisungen og til Hjerkin».* jfr. Punkt Ad i tabell 19 i planprogrammet. Dette vil være innenfor både villreinens biologiske leveområde, buffersone 1 og nasjonalt villreinområde i regional plan for Dovrefjellområdet.

*Høringsbrev og planprogram finnes i sin helhet her;*  
<https://www.lesja.kommune.no/tenester/hoyringar/planprogram-revidert-for-kommuneplanfor-lesja-arealdelen-offentleg-ettersyn.25830.aspx>

#### *Vurdering*

*Villreinnemnda uttaler seg i forhold til villreininteresser. Jfr. § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal Villreinnemnda arbeide for en langsiktig bærekraftig forvaltning av villreinen og dens leveområder i samsvar med naturmangfoldloven og viltloven.*

*Norge er det eneste landet i Europa som har intakte høyfjells økosystemer med bestander av villrein. Norge har derfor et internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen og leveområdene den er avhengig av. Villrein er en art som er definert å ha særlig stor nasjonal forvaltningsinteresse.*

*Villreinen skal ha en sentral plass i norsk fjellfauna også i framtida, og det er et nasjonalt mål at villreinens leveområder skal sikres. Fylkeskommunene i Hedmark, Oppland, Møre og Romsdal og Trøndelag har utarbeidet en regional plan for Dovrefjellområdet med avgrensning av nasjonale villreinområder og buffersoner. Denne planen ble vedtatt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 25.07.2017. Planen skal bidra til en helhetlig forvaltning av fjellområder som er spesielt viktige for villreinens framtid i Norge. Disse regionale planene skal legges til grunn for kommunenes planlegging i disse områdene.*

*I Stortingsmelding 14, (2015–2016), Natur for livet, Norsk handlingsplan for naturmangfold er dette fremhevet; «Regjeringen vil med bakgrunn i de regionale planene for villrein fjellene arbeide for å sikre villreinen og dens leveområder i utbyggingssaker og i kommunale arealplaner, og for at dette ses i sammenheng på tvers av kommune- og fylkesgrenser. De regionale planene må følges opp gjennom utarbeidelse av handlingsplaner samt implementering i kommuneplaner i de ulike regionene.» Samt i uttalelse til Stortinget fra Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner den 22.02.2016 om implementering av de regionale planene; «De regionale planene er ikke juridisk bindende, og forutsettes fulgt opp i juridisk bindende kommunale planer.»*

*Planprogrammet til Lesja kommune bør være tydelig på at regional plan for Dovrefjellområdet med avgrensning av nasjonale villreinområder og buffersoner planlegges implementert i kommuneplanen, i tråd med Regjeringens og Kommunal- og moderniseringsministerens uttalelser. Dette vil bidra til en felles forståelse om forvaltningen av arealene.*

*Fjellområdene i Lesja kommune er viktige for villreinen i Norge. Som synliggjort under saksopplysninger vil flere av temaene som er spilt inn til planprogrammet berøre villreinens biologiske leveområde, buffersoner, og eller nasjonalt villreinområde, i regional plan for Dovrefjellområdet. Det er her særlig grunn til å peke på at forslaget om videre utbygging av fritidsboliger ved Hådi ikke i samsvar med regional plan. For å følge opp Norges ansvar for ivaretagelse av villrein, er det viktig at planprogrammet er tydelig på at alle tiltak som kan påvirke en langsiktig bærekraftig forvaltning av villreinen og dens leveområder skal konsekvensutredes.*

#### *Forslag til vedtak*

*Villreinnemnda vil påpeke at fjellområdene i Lesja kommune er viktige for villreinen i Norge. For å følge opp Norges ansvar for ivaretagelse av villrein, mener nemnda at det er viktig at planprogrammet er tydelig på at alle tiltak som kan påvirke en langsiktig bærekraftig forvaltning av villreinen og dens leveområder skal konsekvensutredes. Nemnda vil påpeke at forslaget om videre utbygging av fritidsboliger ved Hådi ikke er i samsvar med regional plan for Dovrefjellområdet.*

*Planprogrammet til Lesja kommune bør være tydelig på at regional plan for Dovrefjellområdet med avgrensning av nasjonale villreinområder og buffersoner planlegges implementert i kommuneplanen, i tråd med Regjeringens og Kommunal- og moderniseringsministerens uttalelser. Dette vil bidra til en felles forståelse om forvaltningen av arealene.*

#### *Vedtak*

*Villreinnemnda vil påpeke at fjellområdene i Lesja kommune er viktige for villreinen i Norge. For å følge opp Norges ansvar for ivaretagelse av villrein, mener nemnda at det er viktig at planprogrammet er tydelig på at alle tiltak som kan påvirke en langsiktig bærekraftig forvaltning av villreinen og dens leveområder skal konsekvensutredes. Nemnda vil påpeke at forslaget om videre utbygging av fritidsboliger ved Hådi ikke er i samsvar med regional plan for Dovrefjellområdet.*

*Planprogrammet til Lesja kommune bør være tydelig på at regional plan for Dovrefjellområdet med avgrensning av nasjonale villreinområder og buffersoner planlegges implementert i kommuneplanen, i tråd med Regjeringens og Kommunal- og moderniseringsministerens uttalelser. Dette vil bidra til en felles forståelse om forvaltningen av arealene.»*

#### Kommentar:

*Rådmannen sluttar seg til planprogrammet må synleggjere villreininteressene i arealplanarbeidet.*

---

#### **Statens vegvesen Region øst, 26.02.19**

*«Vi viser til brev av 18.12.2018 om høyring av planprogram for kommeplanens arealdel for Lesja. Vi viser også til vår uttale av 20.03.2017 der vi mellom anna uttala oss til planprogram for kommuneplanens arealdel.*

### *Vegvesenet si rolle*

*Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er fyrst og fremst knytt til arealbruken langs riks og fylkesvegar. Vi har også ansvar for å fylgje opp at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske retningslinjer blir ivaretatt i planlegginga. Vi uttaler oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar på transportområdet.*

### *Merknader til planprogrammet:*

*I vår uttale av 20.03.2017 kom vi med fleire innspel til planprogrammet og planarbeidet.*

*Innhaldet i planprogrammet som no er på høyring er ikkje endra vesentleg etter dette, slik at våre innspel framleis gjeld. Vi ber om at innspela vert innarbeidd i planprogrammet.*

*Vi gjer merksam på at dei to reguleringsplanane som Statens vegvesen har utarbeidd i Lesja seinare år, og som er nemnde i vår uttale, no er vedtekne.*

*Lesja kommune har valt å ta inn i sjølve planprogrammet alle innspel til nye byggeområde som så langt er kome til arealdelen. Vi har ikkje merknader til dette, men gjer merksam på at vi ikkje har gått inn i kvart enkelt innspel og vurdert fakta, aktuelle tema for konsekvensutgreiing osv. Men vi ser at fleire av innspela er kjende, og at vi har uttala oss til desse tidlegare i saker knytt til m.a. reguleringsplan eller søknad om dispensasjon eller avkøyring. Fleire av våre innspel og merknader kan vere relevante i det vidare utgreiingsarbeidet som kommunen nå skal gjennomføre.*

*I vidare arbeid med kommuneplanens arealdel vil vi be om at kommunen, i tillegg til å utgreie naudsynte tema for kvart innspel i tråd med planprogrammet kap. 5, også kort gjer greie for kvifor det ikkje er naudsynt å utreie dei andre aktuelle tema som er omtala. Dette kan til dømes vere at området ikkje er utsett for trafikkstøy på grunn av stor avstand til hovudveg, eller at tiltaket allereie har ei avkøyring som er tilfredsstillande utforma og dimensjonert. Ei slik grunngjeving meiner vi er ein del av konsekvensutgreiinga. Grunngjevinga vil og vere til stor nytte for oss når vi skal vurdere forslaget til kommuneplanens arealdel seinare.»*

### Kommentar:

*Uttala blir teke til orientering.*

### **Per Nordsletten, 26.02.19**

*«I 2017 hadde BaneNor og Multiconsult befaringer/møter med grunneiere og rettighetshavere med sikte på å få lagt ned planoverganger på RaumaBanen. Siden har det vært stille, men forhåpentligvis arbeider de med saken. Lykkes de med å finansiere noe av dette, så vil det utløse et behov for alternative vegløsninger der planoverganger skal legges ned.*

*Er dette noe som det kan være aktuelt å ta med inn i arealplanrevisjonen?»*

### Kommentar:

*Kommunen har ikkje motteke konkrete innspel som er aktuelle å ta inn i arealdelen til kommuneplanen.*

### **Terje Heggem, 28.02.19**

*«Som eier av GID 2/1317, så har vi vurdert å starte reguleringsarbeid som omfatter GID 2/1317 på oversiden av Liarbergvegen.*

*I gjeldende arealplan er det tre ulike formål på området, og fra sørøst mot nordvest er det henholdsvis fritidsbebyggelse (gult), skiløype (grønt) og næring (lilla).*


*I forbindelse med revisjon av kommuneplanens arealdel, så foreslår vi at arealbruken vurderes på nytt. Dette må sees i sammenheng med naboeiendommene både nordøst og nord vest for vår eiendom.*

*Å sikre skiløypa og samtidig ta hånd om overvann / bekker, krever omfattende tiltak, og skal en kunne få en forsvarlig økonomisk gjennomføring av dette, så mener vi det er nødvendig at hele eller deler av området avsatt til næring får endret formål til fritidsbebyggelse.*

*Vi foreslår derfor at kommunen tar initiativ til et møte med berørte eiendommer der dette drøftes nærmere.»*

#### Kommentar:

Området det blir vist til i uttala:



Rådmannen legg til grunn at det er viktig å videreføre både areal til skiløype og utbygging for næringsføremål. Det kan likevel vera nyttig å ta ei møte med grunneigarane om vidare planlegging og bruk av areala.

#### **Oppland fylkeskommune, 26.02.19**

«Lesja kommune varsler i brev av 18.18.18 revisjon av planprogram til offentlig ettersyn. Revisjon av planprogrammet ble også presentert og diskutert i regionalt planforum av 29.01.2019.

#### *Bakgrunn*

*Lesja kommune legger ut revidert planprogram til kommuneplanens arealdel til offentlig ettersyn. Lesja vedtok kommunal planstrategi i 2016. Etter dette har det kommet mange innspill til kommunen vedr ny arealbruk og kommunen har derfor valgt å revidere planprogrammet.*

#### *Merknader til planprogrammet*

*Planprogram skal i korte trekk redegjøre for formålet med planarbeidet, opplegg for medvirkning, alternativer som skal vurderes, framdriftsplan, og behov for utredninger. I hovedsak mener vi at planprogrammet fyller vilkårene iht. plan- og bygningslovens § 4-1, og at planprogrammet gir gode rammer for gjennomføringen av planprosessen.*

*Våre ansvarsområder synes å i stor grad være ivaretatt i forslag til planprogram. Vi ønsker likevel å komme med noen innspill til vurdering i videre planarbeid.*

#### *Nasjonale og Regionale føringer*

*Fylkestinget vedtok i april 2018 3 regionale planer som bør inn i planprogrammet. Dette er: Regional plan for verdiskaping, Regional plan for kompetanse og Regional plan for samferdsel. Her beskrives blant annet utviklingsmål og satsingsområder for fylket og for de ulike regionene.*

*I tillegg mener Oppland fylkeskommune at Regional plan for attraktive byer og tettsteder, inkl temaet fortetting med kvalitet, bør anvendes selv om Lesja ikke har noen definerte tettsteder med fastboende. Oppland fylkeskommune mener at føringer i denne planen også kan benyttes i hyttegrender/ hyttebyer og turistsentra som for eksempel Bjorli.*

*Regional plan for Gudbrandsdalslågen – Her berøres Lesja av 2 av punktene i handlingsprogrammet. Denne planen må derfor tas i betraktning ved utarbeidelse av Planprogram. Til sist nevnes også Regional plan for klima og energi med tilhørende handlingsprogram. Denne ble vedtatt 2013.*

*Vi forventer at relevante føringer i de regionale planene innarbeides i kommunale planer.*

#### *Vannforvaltning*

*Anbefalinger for vannforvaltningen er at rikspolitiske retningslinjer tas inn i handlingsdelen til arealplanen. På denne måten kan forvaltningen differensieres etter hvert vassdrag og ikke i området som helhet.*

#### *Medvirkning og prosess*

*Fylkeskommunen stiller spørsmål til hvordan innspillene som er lagt til grunn for revisjon av dette planprogrammet har kommet inn. Har det vært en planlagt medvirkningsprosess, eller er disse innspillene kommet uoppfordret inn til kommunen?*

*Fylkeskommunen etterlyser plan for videre medvirkningsprosess. Alle som fremmer planer, private, kommuner, regionale myndigheter og andre offentlige instanser, skal etter loven ta hensyn til barn og unge i sin planlegging, og må legge til rette for gode bomiljøer og gode oppvekst og levekår. Loven stiller krav til private så vel som offentlige forslagsstillere, om å sikre medvirkning fra barn og unge. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer og private.*

*Medvirkningen skal beskrives i planprogram og planbeskrivelse, og planers virkninger og konsekvenser for barn og unge skal beskrives. Det er nye bestemmelser av betydning for barn og unge, blant annet regulering av grøntstruktur. Planens innvirkning på barn og unges interesser er et tema som skal vurderes i konsekvensanalyser.*

#### *Konsekvensutredning*

*Kommunen må vurdere om endringen utløser krav om konsekvensutredning iht. til pbl §12-3 og § 4-2 andre ledd. Konsekvensene ved denne endringen må uansett synliggjøres i planbeskrivelsen når saken sendes ut til offentlig ettersyn.*

#### *Arealbruk*

*Planprogrammet legger opp til ca 2-300 nye hytter. Det framkommer ikke hvor stor planreserven er i dag. Fylkeskommunen savner refleksjon om det er behov for så mange nye hyttetomter. Hvilken verdiskapning utgjør denne utbyggingen for kommunen? Hvilke negative konsekvenser vil hytteutbygging ha i forbindelse med for eksempel utgifter til helsetjenester.*

*Fylkeskommunen oppfordrer kommunen til å legge inn rekkefølgebestemmelser for hvilke områder som skal bygges ut først.*

*Fylkeskommunen mener det er svært positivt at kommunen ønsker å legge til rette for næringsutvikling på Bjorli ved å avsette areal til dette.*

#### *Barn og unge*

*Det er behov for fellesareal i sentrum på for eksempel Bjorli for leik og aktivitet tilrettelagt barn og unge. I ny plandel av plan- og bygningsloven iverksatt 1. juli 2009 er krav til og virkemidlene for å ivareta barn og unges interesser i planleggingen styrket. Alle som fremmer planer, private, kommuner, regionale myndigheter og andre offentlige instanser, skal etter loven ta hensyn til barn og unge i sin planlegging, og må legge til rette for gode bomiljøer og gode oppvekst og levekår herunder også i fritidsboligområder.*

#### *Fritidsbebyggelse*

*Vi viser til veileder T-1450 Planlegging av fritidsbebyggelse, og anbefaler at denne legges til grunn i planarbeidet. Veilederen fokuserer på hvilke grep som kan tas for å forbedre kvaliteten på fritidsbebyggelsen, og hvordan konfliktnivået rundt hyttebygging kan reduseres. Dette er nødvendig for å sikre nasjonale og regionale verdier knyttet til natur, landskap og kulturmiljø, men det er også nødvendig for å sikre gode hytteområder med langsiktige positive ringvirkninger i lokalsamfunnene.*

#### *Merknad fra kulturarvenheten*

*Stortingsmelding «Leve med kulturminner» (St.meld. nr. 16, 2004-2005) er ført opp i listen over nasjonale føringer som legges til grunn for planen. Stortingsmelding «Framtid med fotfeste» (St.meld. nr. 35, 2012-2013) legger også føringer for den nasjonale kulturminnepolitikken, og kan med fordel nevnes i oversikten over nasjonale føringer under pkt. 2.1 i planprogrammet. Lenken til Riksantikvarens eksempelsamling i oversikten over nasjonale føringer er ikke gyldig. Foreslår at denne legges inn: <https://www.riksantikvaren.no/Aktuelt/Forvaltningsnytt/Revidert-versjon-av-eksempelsamling-medfoeresegner-til-arealplanar>*

*Kommuneplanens forhold til kulturmiljø og kommunedelplan for kulturminner I pkt. 3.13 gis det en samlet oversikt over kulturmiljø i kommunen. Vi ber kommunen om å legge inn forholdet til at kulturlandskap som et utredningstema i alle konsekvensutredninger som skal gjennomføres i forbindelse med arealplanen. Et bevisst forhold til kulturlandskapsverdiene bør legges til grunn for videre prioriteringer i arealdisponeringer i kommunen. Vi ber også kommunen om å påse at temaet nyere tids kulturminner som teknisk-/industrielle kulturminner, eldre veifar, verneverdig bebyggelse og krigsminner vektlegges i planen. Lesja kommune har utarbeidet et utkast til «Tematisk kommuneplan for kulturminne i Lesja kommune». Dette er et svært godt utgangspunkt for arbeidet med nyere tids kulturminner og kulturmiljø i planarbeidet. Det forutsettes at kulturminneplanen legges til grunn for kommuneplanens arealdel, og at den tematiske planen forankres i arealdelen gjennom bruk av hensynssoner og bestemmelser. Dalsida: Det er positivt at kulturminneverdiene i Dalsida videreføres som et viktig tema i planprogrammet. Oppland fylkeskommune ønsker å være med på et innledende møte dersom kommunen går videre med temaet i arealplanen, og ønsker et tett samarbeid med kommunen.*

*Automatisk fredete kulturminner Det fremgår av planprogrammet at undersøkelsesplikten etter kulturminneloven § 9 for nye byggeområder, boliger, næring og infrastruktur som hovedregel skal bli oppfylt på kommuneplannivå. Det må også fremgå av planprogrammet at forholdet til automatisk fredete kulturminner senest skal avklares på reguleringsplannivå. Dersom kommunen ønsker det, kan fylkeskommunen gjennomføre en foreløpig befaringsreise av nye byggeområder for å avklare potensial for funn av automatisk fredete kulturminner før kommuneplanen vedtas. En*


foreløpig befaring oppfyller ikke undersøkelsesplikten, men vil kunne gi mer forutsigbarhet i det videre planarbeidet.

Omfang og kostnader på denne type kulturminneregistreringer kan avtales med fylkeskommunen. Undersøkelser lar seg normalt kun gjennomføres i barmarksesongen.

Vi gjør oppmerksom på at det er krav om konsekvensutredning med kulturminner og kulturmiljø som utredningsteam dersom eiendommer i LNF-områder skal endres til LNF spredt bolig- og fritidseiendom.

Innspill til arealbruk Kulturarv har ikke hatt anledning til å gå gjennom alle innspill til arealbruk som legges frem i planprogrammet, men ser at enkelte byggeområder er i direkte konflikt med automatisk fredete kulturminner. Det vil trolig være behov for arkeologisk registrering i alle de planlagte byggeområdene, senest ved offentlig ettersyn.

Eksempel på konflikt med foreslått byggeområde:



Vi viser for øvrig til vår uttalelse i forbindelse med forrige rullering av planprogram for arealdel.»

#### Kommentar:

Rådmannen legg vekt på følgende i uttala frå fylkeskommunen:

- Følgjande planar er også regionale føringar:
  - Regional plan for attraktive byer og tettsteder
  - Regional plan for kompetanse
  - regional plan for samferdsel

- regional plan for verdiskapning,
- regional plan for Gudbrandsdalslågen og
- regional plan for klima og energi.
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag er vist til i planprogrammet.
- Fylkeskommunen skriv: «Har det vært en planlagt medvirkningsprosess, eller er disse innspillene kommet uoppfordret inn til kommunen?». Her viser rådmannen til at planarbeidet har vore kunngjort, det er gjennomført grendemøte m.m.
- Omsynet til barn og unge må inn i planprogrammet.
- Fylkeskommunen skriv: «Fylkeskommunen etterlyser plan for videre medvirkningsprosess.» Planprogrammet har eit eige kapittel 6 om planprosessen.
- Fylkeskommunen skriv: «Fylkeskommunen savner refleksjon om det er behov for så mange nye hyttetomter.» Generelt vurdert skal det eit stort tal hytter til for å skape ein destinasjon, og lokale ringverknadar i form av næringsutvikling. Kommunen har fått ytterlegare innspel på dette i Vista Analyse sin «Utviklingsplan for Bjorli».
- Rådmannen viser til at veileder T-1450 Planlegging av fritidsbebyggelse er referert i planprogrammet.
- Stortingsmelding «Framtid med fotfeste» (St.meld. nr. 35, 2012-2013) blir teke inn i oversikta over nasjonale føringar under pkt. 2.1 i planprogrammet.
- Forholdet til kulturlandskap blir eit utgreiingstema i KU for arealplanen.
- «Tematisk kommuneplan for kulturminne i Lesja kommune». er eit svært godt utgangspunkt for arbeidet med nyare tids kulturminne og kulturmiljø i planarbeidet.
- Det må også fremgå av planprogrammet at forholdet til automatisk fredete kulturminner senest skal avklares på reguleringsplannivå. Sørgje for kulturminnefagleg synfaring av nye byggjeområde.

### **Fylkesmannen i Innlandet, 07.03.19**

«Vi viser til brev frå Lesja kommune 18.12.2018 og vedtak i formannskapet 29.11.2018 om å leggje framlegg til revidert planprogram ut til nytt offentleg ettersyn. Vi viser også til våre innspel ved oppstart og første høyring av planprogrammet 03.04.2017. Til sist viser vi også til drøfting av revidert planprogram i regionalt planforum 29.01.2019 og referat frå møtet. Samstundes seier vi oss lei for nokre dagars forseinka innspel frå vår side.

#### **1. Bakgrunn for saka**

Lesja kommune meldte oppstart for revisjon av kommuneplanens arealdel i brev 06.02.2017 saman med høyring av planprogram. Fylkesmannen ga utfyllande og faglege innspel på våre fagområde i brev 03.04.2017, men også meir generelle planfaglege råd m.a. knytt til planprosessen.

Etter oppstart har det kome mange forslag til ny arealbruk. Ut frå dette har rådmannen vedteke å utarbeide eit revidert forslag til planprogram, for å leggje rammer for det vidare planarbeidet. Eit viktig utgangspunkt er m.a. kommunen sin uttalte og strategiske satsing på hyttebygging, som grunnlag for nærings- og samfunnsutvikling.

Kommunen legg opp til tett dialog med statleg og regional planstyresmakt, m.a. ved å presentere revidert planprogram på regionalt planforum i ordinært møte 29.01.2019.

#### **2. Fylkesmannens utfyllande generelle vurderingar og innspel**

Fylkesmannen er godt nøgd med at kommunen legg opp til tett dialog i kommuneplanprosessen, m.a. gjennom bruk av regionalt planforum. I møtet 29.01.2019 blei det gjeve ei utdjupande

orientering frå kommunen om status for arbeidet med revisjon av kommuneplanens arealdel. Fylkesmannens synspunkt i saka er i stor grad innarbeidd i referat frå møtet og vi finn ikkje grunn til å gjenta desse detaljert. Vårt hovudbodskap i møtet og ved høyring av revidert planprogram kan kort oppsummerast slik:

a. Fylkesmannen minner om kva som er siktemålet med eit planprogram. Dette er fastsett i pbl § 4-1, og skal kort fortalt omfatte: føremål med planarbeidet, fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, alternativ samt behov for utgreiingar. Det er framleis vårt hovudinntrykk at framlegg til planprogram klargjer grunnlaget for planarbeidet på ein god måte, med atterhald av presiseringar i pkt. b under.

b. Fylkesmannen presiserte i sitt innspel 03.04.2017 at vi venta arbeid med kommuneplanens samfunnsdel først. Vidare at det i samfunnsdelen blir arbeidd med overordna føringar for revisjon av arealdelen og siling av innkomne innspel. Denne forventninga står ved lag og blei uttrykt i møtet i regionalt planforum 29.01.2019, sjå referat s. 3.

c. Lesja kommune tok opp tolking av retningslinjer til Regional plan for Dovrefjellområdet i regionalt planforum. Det er særleg aktivitet i buffersona (BS1) som er aktuelt å avklare. Fylkesmannen viser her til kap. 2.3 i retningslinjene, og særleg føringar under kap. BS1 Aursjøen -Dalsida-Myrin mm. Fylkesmannen tolkar setninga «Det skal ikke etableres ny fritidsbebyggelse/fritidseiendommer utover det som allerede er godkjent gjennom reguleringsplan eller kommuneplan» slik at det som var godkjent i gjeldande kommuneplan for Lesja (2013) er ramme og referansepunkt etter at Regional plan for Dovrefjellområdet blei gjort gjeldande (2017).

Elles oppfatta vi at det var semje i regionalt planforum om eit eige møte mellom Lesja kommune og Oppland fylkeskommune/Fylkesmannen om vedteke Regional plan for Dovrefjellområdet og kva føringar denne får for revisjon av kommuneplanens arealdel. Vi føreset at kommunen tek initiativ til dette møtet og formulerer ei problemstilling god tid i forvegen, som grunnlag for vidare drøfting.

### 3. Fylkesmannens førebels attendemelding til konkrete arealinnspel

Det er ikkje heilt vanleg at kommunane innarbeider konkrete arealinnspel i eit revidert planprogram etter at det er varsla oppstart, men dette står kommunen naturleg nok fritt til. Men når kommunen først legg (nokså) konkrete framlegg til ny arealbruk inn i framlegg til planprogram, er regional- og statleg planstyresmakt forplikta til å varsle i si fråsegn dersom innspela kan vere i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn i planlegginga. Vi viser her til § 4-1 i plan- og bygningslova og § 15 i KU-føresegna.

I påfølgjande gjennomgang av innspel vist i vedlegg til revidert planprogram, listar vi berre opp og kommenterer dei innspela som vi er i stand til å stadfeste og som kan vere i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn i planlegginga. Så tidleg i planprosessen er attendemeldinga svært kortfatta og førebels frå vår side.

#### A. Ola Erik Myren, hytter, Lesjaskogsvatn

Det er eit nasjonalt mål å sikre strandsona som natur- og friluftsområde, tilgjengeleg for alle. Fylkesmannen forventar også at kantvegetasjon og tilstrekkeleg byggjeforbodssone langs sjø og vassdrag blir sikra gjennom planarbeidet. Evt. vidare hyttebygging langs Lesjaskogsvatnet må sikre verdier i strandsona og lokalisering vurderast gjennom ei overordna og heilskapleg vurdering.

Fylkesmannen minner om at delar av området ligg i støysone til jarnbane og E136.

*C. Grendemøte Lesjaskog*

*Fylkesmannen registrerer at det er spelt inn behov for nye næringsområde i Knipstugumorkje og Sandmorkje. (Feilført, skal kanskje knytast til F). Utan ei nærare kartavgrensing er vi ikkje i stand til å gje nærare attendemelding til dette framlegget nå.*

*E. Frukostmøte næringslivet*

*Innspel om hyttebygging på Dalsida. Sjå våre innspel i kap. 2 c.*

*F. Grendemøte Lesjaverk*

*Fylkesmannen registrerer at det er spelt inn behov for nye næringsområde i Knipstugumorkje og Sandmorkje. Utan ei nærare kartavgrensing er vi ikkje i stand til å gje nærare attendemelding til dette framlegget nå.*

*G. Grendemøte Lora og Lyftingsmo*

*Vi registrerer framlegg om spreidd bustadbygging på Lora men føreset at avsett bustadområde i gjeldande kommuneplan (B06) blir prioritert for utbygging.*

*I. Svend-Ola Hådi*

*Slik vi oppfattar innspelet - framlegg om fortetting og vidare hyttebygging i området Hådi-Bø, ei utbygging som Fylkesmannen hadde motsegn til ved siste revisjon av kommuneplanen. Vi viser til våre merknader i kap. 2 c i dette brevet. Vidare utbygging i området ved godkjent reguleringsplan Hådi-Bø (2006) vil kome i buffersone BS1, på grensa til nasjonalt villreinområde. Etter vår vurdering vil difor vidare utbygging her vere i strid med nasjonal politikk ut frå villreinomsyn.*

*O. Arnfinn J. Holten*

*Vi oppfattar innspelet slik at det ønskje om å utvide/utvikle eksisterande camping ved Lesjaskogsvatnet og aust for Lesjaskog med m.a. fritidsbustader. Plassen ligg i dag mellom E136 og jernbanelina, i støysone frå begge kjelder. Vi minner om at fritidsbustader er definert som støyfølsamt bruksføremål etter støyretningsline T-1442/2016.*

*Q. Mørelaft AS*

*Innspel om meir utviding av eksisterande hytteområde på Bjorli. Område 2/371 verkar dårleg egna, svært bratt (1:3,5 nedre del, 1:2 i midtre). Store delar av arealet er av omsyn til landskap ikkje mogleg/tilrådeleg å byggje ut.*

*S. Streken*

*Innspel om at heile deira teig på Bjorli, 2/451 ca. 12 daa og svært sentrumsnært, gjerast om frå næring til fritidsbusetting. Fylkesmannen oppmodar kommunen sterkt til å sikre sentrumsnære næringsområde.*

*Æ. Svend-Ola Hådi*

*Same vurdering som i innspel 2 c og 3 I.*

*Aa. Lene Fjeld-Gilberg*

*Artsdatabanken viser svært sjeldan, høgt raudlista soppart (status EN) nede i søraustre del av teigen.*

*Evt. utbygging må ikkje kome i konflikt med denne førekomsten.*

*Ab. John Gerhard Berg*

Ønskjer omgjeriing av teig, delvis avsett til næring på Bjorli, til fritidsbusetnad. Fylkesmannen oppmodar kommunen til å ikkje omdisponere sentrale næringsområde på Bjorli.

Ac. Mørelaft

Fylkesmannen oppmodar kommunen til å knyte vurdering av innspelet til ei strategisk og samla arealvurdering for evt. vidare utbygging på Bjorli.

Ad. Svend-Ola Hådi

Framlegg om pilgrimsveg og via ferrata. Må vurderast i samanheng med innspel 3 I og 3 Æ.

Ahi. Per Michael Thøring

Nytt byggeområde for fritidsbustader på Lesjaverk. Det ligg store ikkje utbygde areal avsett til fritidsbustader inntil føreslått utbyggingsområde. Fylkesmannen føreset at framlegg vurderast opp mot allereie avsette område.

Aj. Hilde Anne Bakken og Åge Paulsrud

Fylkesmannen oppmodar kommunen på generelt grunnlag om å vere forsiktig med å opne for utbygging av spreidde enkelttomter på Bjorli.

Am. Internt møte, sektor forvaltning og utvikling

Ulike tema, Fylkesmannen vil særleg peike på behovet for å arbeide med overordna strategiar på dei tema som var drøfta, som grunnlag for revisjon av arealdelen, jf. også innspel i pkt. 2 b i dette brevet. Vidare ønskjer Fylkesmannen å drøfte nærare med kommunen korleis ein legg opp for meir kommersiell bruk og utleige av sætrene. Må vurderast både i eit nærings-, landbruks- og miljøvernsperspektiv. Omfattande tilrettelegging for utleige i eller nær villreinens leveområde vil t.d. kunne utfordre nasjonal politikk på dette området.

Ap. Wenaasgruppen AS

Framlegg om å endre svært sentrumsnære næringsområde på Bjorli, vel 38 daa, frå næring til fritidsbusetting. Fylkesmannen oppmodar kommunen sterkt til å sikre sentrumsnære næringsområde.

Aq. Marit Hole Tynnøl

Badeplass ved Prestgardsbrue. Fylkesmannen minner kommunen om naturtype verdi B og funn av ulike raudlista arter i området, evt. tilrettelegging må ta omsyn til dette.»

Kommentar:

Uttala blir teke til orientering.

### **Lesja og Lesjaskog bondelag, 27.02.19**

«Lesja/Lesjaskog Bondelag meiner det er viktig for kommunen å legge til rette for utvikling på fleire områder blant anna hytteutbygging og at ein må gje moglegheiter for dette gjennom arealplan. Vi meiner uansett dette bør skje utan at det går på bekostning av produksjonssterke areal i jordbruk og skogbruk.

Det bør gjerast nøye vurderingar i forhold til beitedyr, ved anlegging av hytter til dømes på Dalsida.

Lesja/Lesjaskog Bondelag meiner ny E136 trase på vestsida av dyrkingen på Lesjaleira til Kårbøsetergropa og vidare er en svært dårlig løysning i forhold til jordbruket og skogbruket sine interesser, dette vil også gå utover store beiteressurser. Det er vanskelig å sjå at ein slik omlegging, ikkje vil kreve mykje dyrka areal.

*Vi ber om at det tas gode vurderinger i forhold til jordbruket og skogbruket sitt beste, i ein ny arealplan. Jordvernloven må legges til grunn.»*

**Kommentar:**

Bondelaget kjem med viktige innspel når det gjeld kriterium for plassering av ny byggjeområde. Hyttebygging på Dalsida, og flytting av E136 til sørsida av dalføret er ikkje aktuelle tiltak.

---

**Lesja fjellstyre, 13.03.19**

**«Saksopplysninger**

*Lesja kommunestyre vedtok planprogram for kommuneplanarbeidet i møte 11.05.17, sak 24/17. Etter dette har det kommet mange innspill til ny arealbruk, og rådmannen har derfor fått utarbeidet et revidert forslag til planprogram. Det reviderte planprogrammet har blitt lagt ut til offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-13, jf. § 4-1.*

**Saksbehandlers vurderinger**

*Hensynet til kulturmiljø og naturmiljø i statsallmenningene ivaretas i stor grad gjennom blant annet verneforskrifter og fjelloven, men det er viktig at slike hensyn også blir tillagt vekt gjennom kommunal forvaltning og planlegging.*

*Planprogrammet skal beskrive temaer som skal vurderes og hvordan planarbeidet vil bli lagt opp. Det reviderte planprogrammet gir et godt utgangspunkt for revidering av kommuneplanens arealdel. Under følger innspill til endret arealbruk/arealformål i statsallmenningene.*

**Tilrettelagte områder for camping i statsallmenningene**


*I forrige revidering av kommuneplanens arealdel ble ikke campingområdene i Lordalen tatt inn. Ber om at dette blir tatt inn nå.*



*Campingområde ved Nysetre*



*Campingområde ved Nybrue (Ruste)*



*Campingområde ved Slettmoan*



Campingområde ved Kvannbekkmyre



Forslag til trase fra Dalsida hytteeierforening

### Naustbuer

Område avsatt til bygging av naustbuer ved Gåsbue og Sørhella i gjeldende arealplan ønskes videreført. Det stilles spørsmål ved behovet for en detaljreguleringsplan, dersom tiltak i disse områdene er i tråd med kommuneplanens arealbestemmelser. Disse er relativt detaljerte slik de foreligger i gjeldende plan, jf. planbestemmelsene i kapittel 5.8.1.

### Hensynssoner i arealplanen

Tiltak og aktiviteter i utkanten av vernede areal kan påvirke verneverdiene. En stor del av dalføret Dalsida er underlagt noe form for vern, men likevel er dette et område hvor tiltak og aktiviteter kan påvirke verneverdiene. Dersom kommunen mener at det bør være andre/strengere retningslinjer for tiltak/aktiviteter i LNF-områdene i statsallmenningene, eller at ulike hensyn skal veies annerledes enn i LNF-områdene i hoveddalføret, bør dette synliggjøres gjennom en eller flere hensynssoner. Som sektormyndighet etter plan- og bygningsloven, motorferdselloven bør kommunen vurdere å ta inn retningslinjer for fritidsbebyggelse, motorferdsel i utmark og vinterbrøyting av Dalsidevegen i arealplanen.

### Forslag til vedtak

Lesja fjellstyre støtter seg til saksbehandlers vurdering og oversender uttale til planprogram for kommuneplanens arealdel til Lesja kommune.

### Vedtak

Vedtak som forslått.

Vedtaket er enstemmig.»

### Kommentar:

Uttala blir teke til orientering.

Rådmannen vil følge opp innspela frå fjellstyret når det gjeld campingområde, naustbuer og hensynssoner.

### Bjorli Lesja Løypelag, 30.04.18


«Det vises til møte og befaring 27. okt 2017. Deres ref 2017/968/7/D1 l.

I styremøte i BLL 27. april ble det vedtatt å gå inn for traseen vi så på i oktober.

Vi foreslår ei ny befaring i løpet av mai for å fastsette traseen mer detaljert, og med sikte på at den er etablert innen kommende vinter.

Vi antar at den nye traseen også bør legges inn i kommuneplanens arealdel ved pågående revisjon.

Det samme gjelder øvrige traseer som ikke ligger inne i gjeldende plan.



### Kommentar:

Rådmannen vil arbeide vidare med ny løypetrase, og dette må samordnast med andre innspel som gjeld tilkomstveg til Bjorlitoppen og ynskjer om byggjeområde i Flyhaugen.

---

## **Oppsummering av møte om Mulighetsstudie Bjorli, 08.05.19**

«Møte halde 08.05.19, kl. 08:00 – 09:00 på Lesja kommunehus.

Til stades:

Aslak Enstad, Bjorli Utvikling AS

Solveig Brøste Sletta, Nordveggen AS

Trond Stensby, Lesja kommune.

Bakgrunn

I samband med arbeidet som Vista Analyse AS skal gjer på Bjorli hadde Solveig Brøste Sletta bedt om eit møte, for å drøfte ulike idear til arealbruk, og sjå dette i samanheng med kommuneplanen m.m.

Drøftingar

Aslak Enstad og Solveig Brøste Sletta kom med følgjande innspel:

Det blir arbeidd for å få med fleire eigarar Bjorli Utvikling AS.

Det har vore nedsett ei arbeidsgruppe som har kome med ulike innspel.

Vista Analyse vil levere sitt arbeid til 20.05.19.

Finansieringa av «mulighetsstudien» er i orden.

Førebels innspel til kommuneplanen:

- Fullføre gang- og sykkelveg til Rauma grense.
- Vista Analyse vil komme med innspel til løypeplan for fottur, ski og sykkelløype. Konferer med løypelaget.
- Knyte Bjorli til løypenettet i Brøstdalen.
- Løype frå Bjorli til veg til Sandgrovbott – attende til fjelløypa.
- Bjorligard, fortette med leilegheiter, kombinert med næring fyrste etg?
- Utvikle området mellom E136 og jernbanen, hotell?.
- Fortette området rundt butikken og Tårnbygget?
- Område langs Bjorlivegen – ta i bruk næringsareal?
- Nye næringsbygg og ny tilrettelegging ved skiheisen/botnstasjon?
- Ny veg til Flyhaugen – Bjorlitoppen?
- På sikt: Byggeområde næring/hotell på Flyhaugen?
- Bjorli Utvikling AS – har samarbeid med grunneigar Helene Lysbakken Enstad.
- Bjorli Utvikling AS – har samarbeid med Bjorlitoppen Utvikling AS.

Kommunen sin kommentar:

Ingen av innspela er i utgangspunktet kontroversielle, men må få si avklaring i kommuneplanprosessen.

Viktig for kommunen at forslag til ny arealbruk i «mulighetsstudien» er forankra hjå grunneigarar og eigarar av næringsbygg/-anlegg.

Vidare må ein ta atterhald om godkjenning frå overordna styresmakter: fylkesmannen, nasjonalfylkeskommunen, NVE og vegvesenet.

Ny arealbruk må bli avklart i.f.t. samfunnssikkerheit og naturfare.»

Kommentar:

Blir teke til orientering.

---

**Svend Ola Hådi, 15.05.19**

«Har på nytt vært i kontakt med departementet for å få veiledning i fortettingssaka/reguleringsendringa i reguleringsplan frå 20.12.2006 for Hådi Bøområdet, jfr mail under.

Departementet henviser igjen til kommunen og behandlinga der. Denne saken må til departementet til behandling om det ikke er mulig å finne løsninger. De øvrige områdene i Dalsideporten kommer ikke til å bli bygd ut siden de ligger under kraftlinja til Sunndal så skal det bli hytteutbygging i søndre del av bygda i overskuelig framtid er vårt område det eneste som er aktuelt. Dermed bør det også være i kommunens interesse at dette nå blir behandla, konf nye kutt i Eidefossutbytte som GD melder om idag.

Vi skal ha møte med Jora laft AS i morgen. De er på utkikk etter nye utbyggingsprosjekter og hyttebygginga i Hådilie passer godt til deres konsept med egen elementfabrikk (Snøhetta element AS) og snekkerfirmaet(Jora Laft AS).

Vi ønsker å få et signal om videre saksgang og når godkjenning kan komme på plass. Departementet er positivt innstilt til fortettingssaker så timingen er god for å få til en balansert fortetting i Hådi-Bøområdet.»

Kommentar:

Saka har vore drøfta i Regionalt planforum, og teke opp på dialogmøte med Oppland fylkeskommune og Fylkesmannen i Innlandet. Etter rådmannen si meining synest det ikkje å vera rom for å arbeide vidare med dette innspelet.

**Svend Ola Hådi, 15.05.19**

«Håper det, for sist gang forsvant vårt område ut og ble ikke diskutert en gang på tross av at det var meldt oppstart på det og det var ferdig konseskvensutreda.

Om det var pga manglende lokalkunnskap eller andre forhold vites ikke, men slik kan det ikke bli denne gangen.

Vi bør uansett snart ha en befaring med planutvalget i området slik at de vet hva dette dreier seg om. Her ligger vei og tomtareal klare uten store terrenginngrep og utbygginga blir knapt synlig mot de nye områdene som er vedtatt langs Auraveien.

Både Fylkesmannen og Fylkeskommunen bør inviteres med slik at dette nå kan tas ned på det nivået det faktisk er tenkt.»

Kommentar:

Teke til orientering.


**Svend Ola Hådi, 15.05.19**

«Oversender noen bilder så dere ser hvor dette er og hva som er tenkt.

Fortettinga skal skje langs veien nedover til høyre på bildet med parkering langs veien og hytter i klynger helt inntil Hådiliveigen som går innpå Reindølsveigen 400 før Rødekorshytta på Myrin. Dette er langt unna villreinområdene og vi har foreslått at det kjøres opp løyper fra Myrin gjennom Hådilie forbi Anbergshøe og til Joramo for å lede ferdselen bort fra villreinområdene ved Nose-Horrongan.

Slik vil dette prosjektet bidra positivt til å styre ferdselen bort fra villreinområdene og redusere belastningen på disse områdene. Dette bør være et sentralt punkt overfor Fylkesmannen og Fylkeskommunen som later til å tro at dette er ei storstilt flateregulering inne i villreinområdene.»





Kommentar:

Saka har vore drøfta i Regionalt planforum, og teke opp på dialogmøte med Oppland fylkeskommune og Fylkesmannen i Innlandet. Etter rådmannen si meining synest det ikkje å vera rom for å arbeide vidare med dette innspelet.

**Svend Ola Hådi, 16.05.19**

«Har sett over sakskomplekset og det er veldig omfattende ikke minst i tid. Det er derfor nødvendig at politisk ledelse og Hanne Velure fra Planutvalget/Formannskapet deltar på dette møtet.

Det har vært så mye fram og tilbake, misforståelser og utsettelse i denne saken at politisk ledelse må være til stede.

Rådmannen bør også engasjere seg i denne saken nå slik at den kommer i orden. Dette dreier seg om store skatteinntekter og mange lokalt sysselsatte i søndre del av bygda.

Om mulig ønsker også jeg anledningen til å legge fram planene selv for fylkesmannen. Er ikke det mulig kan jeg gjøre det skriftlig i forkant slik at det ikke blir flere misforståelser. Setter dere kopi.»

Kommentar:

## Teke til orientering.

### **Svend Ola Hådi, 20.05.19**

«Viser til beramma møte om fortettinga av Hådilie hyttegrend(Hådilie II) i Hådi-Bøområdet i Lesja kommune kommende uke.

Utgangspunktet for forespørselen om fortetting av den opprinnelige disposisjonsplana fra 1973 ligger helt tilbake til 2001 da min mor tok opp saka med kommunen. Etter diverse runder der kommunen bla innførte bygge- og deleforbud ble det i 2006 vedtatt ei reguleringsplan for de samme tomtene som det ble gitt tillatelse til i 1973, altså uten fortetting.

Fortettingssaka ble på nytt reist i januar 2007 og utreda som en del av kommuneplanprosessen som da pågikk. Oppstart på reguleringsendring med fortetting av Hådi-Bøområdet ble meldt i april 2012, jfr vedlegg 1. I høringsrunden ble det fra Fylkesmannen slått fast at en fortetting her var "langt å foretrekke" framfor utbygging på Dalsida og å ta hull på nye utbyggingsområder i Bø krets, jfr Fylkesmannens høringsuttalelse.

På tross av dette begynte kommunen å planlegge flere nye felt i områder som ikke er mulig å bygge ut, dels fordi de ligger under høyspentledningene til Sunndal, dels fordi de ligger i de nylig beskrevne rasområdene og dels fordi flere av grunneierne ikke er interessert i hyttebygging. Om dette er en villet prioritering for å unngå utbygging eller om det er fordi disse utfordringene ikke er vurdert vites ikke, men resultatet er at ingen av disse områdene vil bli bygget ut i overskuelig framtid.

Lesja står når overfor store utfordringer med fallende folketall, kraftig forverra økonomi og kraftig fall i sysselsettingen hos entreprenørene i søndre del av bygda pga nedleggelse av garder og at det ikke bygges like mange nye driftsbygninger som før.

Alt dette gjør at ei forsiktig fortetting av Hådi-Bøområdet vil bidra til positivt til økt aktivitet, sysselsetting og skatteinngang i Lesja.

I Hådi-Bøområdet er det ikke villreintrekk og det har ihht nyere forskning ikke vært registrert villrein i området i det hele tatt i nyere tid. Vi ønsker med Hådilie II å bidra til og kanalisere ferdsele fra Myrin bort fra Nose/Horrongenområdet, der villreinen oppholder seg i perioder av året og mot Anbergshø og Joramo der ikke finnes villrein.

Dermed vil ikke en fortetting i Hådilie i Hådi-Bøområde bidra til økt ferdsel i villreinområdene, snarere tvert i mot.

Vi mener tiden er inne for en fortetting av Hådi-Bøområdet slik det har vært fokus på siden lenge før regional plan ble vedtatt. Siden fortettinga ble varslet oppstart på i april 2012 er det ikke riktig at utsettelser, misforståelser, prioritering av uaktuelle områder mm skal bli brukt som årsak til nye utsettelser.

Når det nå er godkjent økt ferdel inn i området Nose- Horrongan fra Lesja sentrum(Tussheim) blir det underlig at ei fortetting i Hådi-Bøområdet som ikke er i villreinområdet skal utsettes.

Omsummering

Hådi-Bøområdet er konsekvensutreda for ei fortetting på 40-50 tomter med nøytralt til positivt resultat, det er slått fast at det ikke er villrein i området og ferdseilen vil bli kanalisert bort fra Nose-Horronganområdet der villreinen oppholder seg. Vi ber derfor om at dette nå godkjennes ifm rulleringa av kommuneplana i Lesja slik at en reguleringsendring som innebærer en fortetting på 40-50 hyttetomter kan vedtas, jfr vedlegg 2.

Om Fylkesmannen og Fylkeskommunen ønsker nærmere informasjon og befaring i området er vi klare til dette på kort varsel.

Vedlagt følger oppstartvarselet fra april 2012 og ei skisse over hvor fortettinga er tenkt. Som det framgår medføre fortettinga ingen nye terrenginngrep utover sjølve tomtene, veiene som ligger der fra før vil benyttes videre og ny skiløype fra Myrin, forbi Anbergshøe til Joramo vil følge dalbunnen og medfører ingen terrenginngrep. Tiltaket har nå vært omsøkt og vært i prosess siden 2001, dvs snart 20 år og omfanget er begrenset siden det er snakk om ei fortetting. Tiden bør derfor være moden for å godkjenne dette tiltaket nå.»

#### Kommentar:

Teke til orientering.

### **Oppsummering av dialogmøte, 22.05.19**

«Møte halde onsdag 22.05.19, kl. 10:00 – 14:00 på Lesja kommunehus.

Med på møtet var:

|                                              |                                     |
|----------------------------------------------|-------------------------------------|
